



KOPI

Hordaland Fylkeskommune  
postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/512 - 17/4930

Sakshandsamar:

Sveinung Toft

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Dato:

08.08.2017

## Tilbakemelding knytt til grunnboringar Masfjordbrua

Masfjorden kommune viser til dykkar skriv av 7. august med tilvisning til tidlegare brev som gjeld boring og ferdsel på dykkar eigedom Andvikvegen 32, gnr. 30 bnr. 13. Innleiingsvis vil me beklage at me ikkje har hatt tid til å svare på dykkar brev, det skuldast sommarferieavvikling og andre prekære oppgåver.

Vidare vil Masfjorden kommune vise til at me inviterte til orienteringsmøte med alle grunneigarane innanfor planområdet den 5. juli 2017 på kommunehuset. På dette møtet vart alle orientert om dei planlagde tiltaka knytt til kjerneboringar, og om kvifor kommunen i nært samarbeid med Statens Vegvesen no går for høgbru/ hengebru. På møtet vart det og delt ut kart som viste kvar det skulle kjerneborast. Kartet viser at kjerneboringa ved dykkar eigedom skal skje på hovudbruket, gnr.30 bnr. 2, og kommunen har hatt nær dialog med grunneigar knytt til dette hovudbruket. Me legg ved kart som viser borepunkta.

Kommunen vil difor ikkje kjernebore inne på dykkar eigedom i denne fasen av prosjektet, og vil sjølvstøtt ta kontakt med dykk som grunneigar om dette skulle vise seg naudsynt ved seinare høve.

Me vil samstundes gjera til kjenne at alle tiltak i området er av mellombels karakter og vil verta fjerna så snart kjerneboringa er gjort.

Dersom de har spørsmål i saka ta gjerne kontakt med underteikna.

Med helsing

Sveinung Toft  
assisterande rådmann

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Vedlegg:**

20170808135347

**Kopi til:**

Hordaland Fylkeskommune

postboks 7900

5020

BERGEN

61#134:9461324c-ab10-455a-861c-b1f7ee1d05cb:3



**Mottakarar:**  
Jon Birkeland